



BØMLO KOMMUNE

Vår saksbehandlar:
Njål Gunnar Slettebø

Direkte telefonnr.:
53 42 31 32

Vår dato:
25.09.2014

Dykkar dato:

Vår referanse:
2014/931-00021681/2014

Dykkar referanse:

Riksantikvaren - Samfunnsavdelinga
Postboks 8196 Dep.
0034 OSLO



KULTURHISTORISKE LANDSKAP AV NASJONAL INTERESSE I HORDALAND-HØYRING AV FRAMLEGG TIL OMRÅDE

Kommunestyret i Bømlo handsama 22.09.2014 kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Hordaland-høyring av framlegg til område. Det vart samrøystes gjort slikt vedtak:

1. Bømlo kommune er positive til at to område i Bømlo er registrert som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse.
2. Bømlo kommune er opptekne av at alle registreringar som vert gjort i kommunen er avgrensa slik at dei aller viktigaste registrerte områda kan visast i arealdelen i kommuneplanen.
3. Område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo er ikkje etter Bømlo kommune sitt syn ein naturleg del av Fitjarøyane og skal takast ut av område.
4. Område 4. Søre Bømlo- Hespriholmen- Langevåg er svært stort og skal avgrensast. Landskapet i den delen av Langevågsområde som ligg austom fylkesvegen har mindre tilknyting til grønsteinproduksjonen og skal difor kunne takast ut av område. Dette gjeld område frå Hovlandshagen industriområde- Langevåg- Vorland til og med Andal. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap i Bømlo skal gjerast i dialog med Fylkeskommunen.

Med helsing
BØMLO KOMMUNE

Njål G. Slettebø
Njål Gunnar Slettebø
Landbruksjef

Kopi av vedtaket vert sendt til Hordaland Fylkeskommune, Kulturminneavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen



Dato: 12.08.2014
Arkivref: 2014/931-
17881/2014 / 000

Saksbehandlar: Njål Gunnar Slettebø
53 42 31 32
njal-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
125/14	Utval for areal og samferdsel	03.09.2014
76/14	Kommunestyret	22.09.2014
132/14	Utval for areal og samferdsel	22.09.2014

KULTURHISTORISKE LANDSKAP AV NASJONAL INTERESSE I HORDALAND-HØYRING AV FRAMLEGG TIL OMRÅDE**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Bømlo kommune er positive til at to område i Bømlo er registrert som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse.
2. Bømlo kommune er opptekne av at alle registreringar som vert gjort i kommunen er avgrensa slik at dei aller viktigaste registrerte områda kan visast i arealdelen i kommuneplanen.
3. Område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo er ikkje etter Bømlo kommune sitt syn ein naturleg del av Fitjarøyane og bør takast ut av område.
4. Område 4. Søre Bømlo- Hespriholmen- Langevåg er svært stort og bør avgrensast. Landskapet i den delen av Langevågsområdet som ligg austom fylkesvegen har mindre tilknyting til grønsteinproduksjonen og bør difor kunne takast ut av område. Dette gjeld område frå Hovlandshagen industriområdet- Langevåg- Vorland til og med Andal. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap i Bømlo skal gjerast i dialog med Fylkeskommunen.

Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 03.09.2014

Framlegget frå rådmannen vart ikkje vedteke mot tre røyster (Tone Stavland (V), Sissel Fylkesnes Våge (KrF), Karsten Fylkesnes (KrF):

Innstilling:

Utval for areal og samferdsel **innstiller** at framlegget frå rådmannen ikkje vert vedteke (mot tre røyster).

Saksprotokoll i Kommunestyret - 22.09.2014

Innstilling frå utval for areal og samferdsel om at «bør» må skiftast ut med «skal». Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

5. Bømlo kommune er positive til at to område i Bømlo er registrert som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse.
6. Bømlo kommune er opptekne av at alle registreringar som vert gjort i kommunen er avgrensa slik at dei aller viktigaste registrerte områda kan visast i arealdelen i kommuneplanen.
7. Område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo er ikkje etter Bømlo kommune sitt syn ein naturleg del av Fitjarøyane og skal takast ut av område.
8. Område 4. Søre Bømlo- Hespriholmen- Langevåg er svært stort og skal avgrensast. Landskapet i den delen av Langevågsområde som ligg austom fylkesvegen har mindre tilknyting til grønsteinproduksjonen og skal difor kunne takast ut av område. Dette gjeld område frå Hovlandshagen industriområde- Langevåg- Vorland til og med Andal. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap i Bømlo skal gjerast i dialog med Fylkeskommunen.

Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 22.09.2014

Nytt felles framlegg frå utvalet, lagt fram av Karsten Fylkesnes (KrF):

1. Bømlo kommune er positive til at to område i Bømlo er registrert som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse.
2. Bømlo kommune er opptekne av at alle registreringar som vert gjort i kommunen er avgrensa slik at dei aller viktigaste registrerte områda kan visast i arealdelen i kommuneplanen.
3. Område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo er ikkje etter Bømlo kommune sitt syn ein naturleg del av Fitjarøyane og skal takast ut av område.
4. Område 4. Søre Bømlo- Hespriholmen - Langevåg er svært stort og skal avgrensast. Landskapet i den delen av Langevågsområde som ligg austom fylkesvegen har mindre tilknyting til grønsteinproduksjonen og skal difor kunne takast ut av område. Dette gjeld område frå Hovlandshagen industriområde- Langevåg- Vorland til og med Andal. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap i Bømlo skal gjerast i dialog med Fylkeskommunen.

Framlegget var samrøystes vedteke:

Innstilling:

Utval for areal og samferdsel **innstiller** samråystes slik overfor kommunestyret:

1. Bømlo kommune er positive til at to område i Bømlo er registrert som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse.
2. Bømlo kommune er opptekne av at alle registreringar som vert gjort i kommunen er avgrensa slik at dei aller viktigaste registrerte områda kan visast i arealdelen i kommuneplanen.
3. Område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo er ikkje etter Bømlo kommune sitt syn ein naturleg del av Fitjarøyane og skal takast ut av område.
4. Område 4. Søre Bømlo- Hespriholmen - Langevåg er svært stort og skal avgrensast. Landskapet i den delen av Langevågsområde som ligg austom fylkesvegen har mindre tilknyting til grønsteinproduksjonen og skal difor kunne takast ut av område. Dette gjeld område frå Hovlandshagen industriområde- Langevåg- Vorland til og med Andal. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap i Bømlo skal gjerast i dialog med Fylkeskommunen.

Dokument i saka:

Brev frå Riksantikvaren datert 27.05.2014 med høyringsutkast « Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland».

Brev frå Riksantikvaren datert 17.06.2014 med utsett høyringsfrist.

Bakgrunn for saka:

I brevet frå Riksantikvaren av 27.05.2014 står det:

«Føremålet med prosjektet

Klima- og miljødepartementet har gjeve Riksantikvaren i oppdrag å etablere eit register for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Det overordna målet med dette arbeidet er å formidle kunnskap om viktige kulturhistoriske landskap til samfunnsaktørar som påverkar og styrer utviklinga av landskap. Målet er å bidra til ei god forvalting av landskap generelt og prioriterte landskapa spesielt. Riksantikvaren vil gjennom dette klargjere kva landskap som har særskilt verdiar for kommunane og andre styresmakter bør ta omsyn til i planlegging og forvaltning.

Riksantikvaren har saman med fylkeskommunen i Hordaland arbeidd med eit forprosjekt for å prioritere kulturhistoriske landskap som er av nasjonal interesse. Eit tilsvarande prosjekt vert gjennomført i Østfold. Arbeidet i Hordaland og Østfold skal munne ut i eit førebels utval av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i desse fylka. Forprosjektet skal også gje nauudsynne erfaringar for å avgjere om og korleis eit landsomfattande prosjekt skal gjennomførast

Kulturhistorisk landskap:

Landskap er ein heilskap av naturgitte og menneskeskapte tilhøve og samspelet mellom desse. Utviklinga i busetting og arealbruk frå dei eldste tider og fram til i dag vil i varierande grad vere synleg i landskapet. I utvalet av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse har vi vore opptekne av dei viktigaste utviklingstrekkja og kva strukturar og mønster, samt sentrale element, som det er mogeleg å oppfatta i dag. I nokre landskap vil den historiske kontinuiteten vere framtredande. I andre vil

omforming, særleg i nyare tid, vere så omfattande at landskapets kulturhistoriske forankring er sterkt svekka. Vi er og opptekne av den delen av historia som ikkje finst direkte i det fysiske landskapet, men knytt til tru, hendingar og tradisjonar og erfaringsbaseret kunnskap om bruken av landskapet.

I omtalen av kvart område er det grunngjeve kvifor vi vurderer nett dette landskapet til å ha **nasjonal interesse**. I den vurderinga har vi lagt til grunn om landskapet, med sin landskapskarakter, representer tilhøve som har særleg mykje å seie for historia. Dette omfattar viktige fasar i historia, strukturar i landskapet, byggeskikk og arkitektur, verksemder, hendingar, etniske grupper og kjelder til forhistoria der det elles finst få eller ingen skriftlege kjelder.

Arbeidet med forprosjektet:

I Hordaland har riksantikvaren og fylkeskommunen sine folk vore på synfaring i fylket, som omfatta dei fleste av dei prioriterte områda

Kva vil registeret få å seie for kommunen:

Riksantikvaren ønskjer at utvalet av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse skal verte ein premiss for lokal planlegging og forvaltning,- og for regional og nasjonal planlegging. Arbeidet skal gje eit kunnskapsgrunnlag, slik at kommunane kan drive ei betre lokal forvaltning, av landskap med kulturhistoriske verdiar. Registeret vil ikkje i seg sjølv innebere vern av dei prioriterte områda, men vere eit hjelpemiddel i arealdisponeringa i kommunen.

Landskapet er i stadig endring. Riksantikvaren ønskjer ikkje med utvalet av kulturhistoriske landskap å gje signal om at endring er uønskt i desse områda. Vi ønskjer at utvalet skal bidra til at kommunen og andre aktørar har ei medveten haldning til kvalitetane i landskapet når dei planlegg og forvaltar landskapet, slik at det som er karakteristisk og verdifullt kan vidareførast og styrkast. Vi peikar difor på kva endringar vi meiner at det einskilde område er særleg sårbart for, men er samstundes klar over at det er kommunane som sit med den detaljerte oversikta over tilstand og utfordingar. Kunnskapen og vurderingar om dette ønskjer vi å få fram gjennom høyringsrunden. I mange tilfelle trekkjer vi fram verkemiddel i plan- og bygningslova for å ta vare på landskap. Det gjeld særleg omsynssoner med retningsliner og generelle føresegner til kommuneplanen.

Omtale av dei einskilde landskapa:

Det er gjort framlegg om 9 kulturhistoriske landskap i Hordaland.

Av desse er det to område som gjeld Bømlo. Me tek med utdrag av omtalen i høyringsnotatet:

Område 3. Fitjarøyane

Landskapet ligg nordvest på øyane Stord og Bømlo med Selbjørnsfjorden i nord, Midtfjellet i aust og i sør er Stokksundet og i vest ope hav. Fitjar har store, dyrkbare område og god tilgang til vatn.

Busetjinga på Fitjarøyane har i lang tid hatt kombinert næringsgrunnlag med fiske og jordbruk. Lyngbrenning gav beite for utegangersau, torvuttak i myrane gav brensel. Landskapet på Fitjarøyane er i dag sterkt og eins prega av lyngheilandskapet.

Tre skipsleier fører gjennom øyriket i Fitjar: Den ytre leia, Nyeleia og Engesundleia. Langs desse ferdsselsårene ligg gamle handels- og gjestgjevarstader. På Gissøya, ved den vestre sida av Brandasundet, ligg handels- og gjestgjevarstaden frå 1600-talet. Fiskehandelen her ved det rike fiskefeltet går truleg langt tilbake i tid. Ein av dei store marknadsplassane i Hordaland i mellomalderen har truleg lege på Selsøya ved Brandasundet. Stadnamnet Torgjo fortel om ein stad der varer vart selde. Bønder frå fjellbygdene og indre fjellbygder selde tømmer, huder og skinn, haukar og falkar i byte for fisk, salt og varer frå andre land. Staden var velkjent for Hansaskip på veg til Bergen, og er teikna inn på eit hollandsk kart frå 1624. Brandasund blomstra i det store sildefisket på 1700-og 1800-talet.

Sårbarheit, tolegrenser,forvaltning:

Landskapet er sårbart for tap av innmark og oppføring av store bygningsstrukturar nær Fitjar sentrum. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av llynghilelandskapet og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet. Store deler av landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.

Område 4: Søre Bømlo, Hespriholmen og Langevåg

Skildring av området:

Innafor holmane i havgapet ligg no lune viker og våger med gode hamner mellom skrinne bergknattar på søre Bømlo. Her kjem ein tett på steinalderlandskapet. Den gongen gjorde eit høgre havnivå desse vikane og vågane til smale sund og låge eid. Passasjane gav gode landingstilhøve for kajakkar lasta med grønstein, som i store kvanta blei tatt ut frå steinbrotet på Hespriholmen. Fleire tusen år med brotverksem, produksjon av steinøkser til store delar av Vestlandet i steinalderen, har satt rike spor etter buplassar og verkstadområde langs desse sunda. Lokaliteten Sokkamyro i Langevåg er den fremste eksponenten for desse kulturminna, men den høge aktivitetten knytt til forekomsten av grønstein pregar mest kvar ei vik i dette landskapet. Frå Vika i nord til utmarka sør for Langevåg ligg steinalderbuplassane som eit belte frå holmane ved ytterkysten til innsida av søre Bømlo.

Landskapskarakter

Lune viker og våger gir gode hamner på søre Bømlo. I steinalderen var dette gode landingstilhøve for kajakkar lasta med grønstein, som i store kvanta blei tatt ut frå steinbrotet på Hespriholmen. Fleire tusen år med steinbrot, produksjon av steinøkser og utskiping av grønstein har satt rike spor etter buplassar og verkstadområde langs desse sunda. Steinalderens passasjar og verkstadområde er i historisk tid dyrka mark, småbruk og hamner. I havet vest av Bømlo ligg gjestgjevarstaden Espevær, som var ein strategisk stad i det sørlege sildefisket på 1800-talet.

Nasjonal interesse:

Søre Bømlo er eit område som i nasjonal samanheng er særskilt på lokalitetar frå steinalderen. Funna har store tidsdjupne, og har høg kunnskapsverdi og pedagogisk verdi, Steinbrotet på Hespriholmen er det største i landet frå steinalderen. Sett saman med lokalitetane på Bømlo kjem eit heilskapleg samfunn knytt til grønsteinsutvinninga til syne som er eineståande i nasjonal samanheng.

Sårbarheit, tolegrenser og forvaltning

Landskapet er sårbart for utfylling av lågtliggjande draga i landskapet. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltninga av området , og rammer for bruken av det.

Høyringsfrist: 1.okt. 2015 »

Vurderingar:

Riksantikvaren har i tett samarbeid med Fylkeskommunen valt ut 9 kulturhistoriske område med nasjonal interesse. Av desse er det to område som gjeld landskap i Bømlo. Nordre delen av kommunen er teke med i **område 3 Fitjarøyane**. Dette område strekker seg frå Aga og Goddo i sør til Fitjar i aust og Selbjørnsfjorden i nord. Fitjarøyane er val for sitt kulturhistoriske landskap med gamle handelsstader ved leia, storgard og llynghesi.
«Langt tilbake i tid har sjøleia vore livsnerva i kommunikasjonen og vore svært viktig for samkvemmet. Plassar med gode hamner vart etter kvart sentrale knutepunkt i båttrafikken. Her vaks det fram handels- og gjestgjevarstader. Vest av Bømlo gjekk den ytre leia, og på aust kunne ein velja mellom «Engesundleia» og «Nyleia». Felles for alle sjøfarande var at dei på ein aller annan måte var avhengig av dei funksjonar som handels- og gjestgjevarstadene.» Dette skriv Anders Stavland i boka Natur og Kulturverdiar som Bømlo kommune gav ut i 1990.»

Bømlo kommune er ein kommune med ei rik kulturhistorie som det er viktig vert teken vare på for nye generasjoner. Difor har kommunestyret gjort vedtak om at det skal utarbeidast kulturminneplan for Bømlo, og dette arbeidet er nyleg starta opp.

Me er likevel opptekne av at alle registreringar som vert gjort i kommunen er avgrensa slik at dei aller viktigaste registrerte områda kan visast i arealdelen i kommuneplanen. Ein bør difor avgrensa registrerte landskap med kulturhistorisk verdi til dei landskapa som bør få eit særskilt merksemd i framtidig planlegging. Etter vår vurdering er både områda i Bømlo svært store område og bør kunne avgrensast.

Riksantikvaren har gjort framlegg om at områda Aga, Agasøster, Rolvsnes, Risøya, Vikøya, Gissøya, Selsøy og Klubbo på Goddo skal inngå i område 3 Fitjarøyane. Her meiner me at område bør reduserast og avgrensast til det som naturleg høyre til i Fitjarøyane. I Bømlo kommune meiner me at Brandasund med Gissøya, Selsøya, Vikøya i tillegg til Risøya er mest naturleg del av landskapet i Fitjarøyane. Område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo bør takast ut av område.

Område 4 Søre Bømlo, Hespriholmen og Langevåg

Det er gjort framlegg om at store deler av Søre Bømlo er kulturhistorisk landskap som har nasjonal interesse. Område frå Bømmelhamn i sør og nord til Hjartnes er teke med i område. I vest er Espenvær og Nordøyane nord til Gissøya teke med. Det er som ein ser ovanfor lagt vekt på den store aktiviteten som var i område i steinalder gjennom fleire tusen år. Uttak av grønstein i steinbrotet på Hespriholmen og produksjon av grønsteinøksar inne på Bømlo t.d. Sokkamyro er ei viktig kulturhistorie som Bømlo kommune legg stor vekt på å ta vare på.

Etter vår vurdering er områda på søre Bømlo svært stort og bør kunne avgrensast. Landskapet i den delen av Langevågsområde som ligg austom fylkesvegen har mindre tilknyting til grønsteinproduksjonen og bør difor kunne takast ut av område. Det same gjeld industriområde i Hovlandshagen som er regulert til næringsføremål. Me rår til at område frå Hovlandshagen industriområde- Langevåg- Vorland til og med Andal vert teke ut av det

registrerte område. Endeleg fastsetting av grensene for kulturhistorisk landskap i Bømlo bør gjerast i dialog med Fylkeskommunen.

Oppsummering og konklusjon:

Riksantikvaren har registrert kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Hordaland. I høyningsutkastet er to område i Bømlo kommune registrert. Området Aga til Brandasund er med i Fitjarøyane. I tillegg er Søre Bømlo, Hespriholmen og Langevåg heilt sør i kommunen registrert.

Bømlo kommune er ein kommune med ei rik kulturhistorie som det er viktig vert teken vare på for nye generasjonar. Båe område som er registrert som kulturhistorisk landskap med nasjonal interesse er imidlertid relativt store område. Me rår difor til at områda vert avgrensa i utstrekning ved at område Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo vert teke ut av område Fitjarøyane.

Etter vår vurdering er områda på søre Bømlo også svært stort og bør kunne avgrensast. Landskapet i den delen av Langevågsområde som ligg austom fylkesvegen har mindre landskapstilknyting til grønsteinproduksjonen på vestsida og bør difor kunne takast ut av område. Det same gjeld industriområde i Hovlandshagen som er regulert til næringsføremål.